

# Årsrapport frå SNO til Breheimen nasjonalparkstyre 2019



**SNO lokalt:**

Liv Byrkjeland, Luster  
Øyvind Angard, Skjåk

**I tillegg har nasjonalparkstyret kjøpt tenester av:**

Skjåk almenning  
Lom fjellstyre  
Skjolden bygdeservice SA  
Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Oddvar Vigdal.



Framsidedfoto: Nørdre Slampeløyfte mot Hestbrepiggane. Foto: Øyvind Angard.  
Side 2: Smole i Fortunsdalen. Foto Liv Byrkjeland.

# Innhold

1. Kjerneoppgåver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv) .....	4
1.1.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	4
1.1.2. Kort om aktiviteten .....	4
1.2. Motorferdsel.....	6
1.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	6
1.2.2. Kort om aktiviteten .....	6
1.2.3. Resultat eller reaksjonar .....	6
1.2.4. Utviklingstrekk eller utfordringar .....	7
1.2.5. Tilrådde oppfølgingspunkt .....	7
1.3. Villrein .....	7
1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	7
1.3.2. Kort om aktiviteten.....	7
1.3.3. Resultat eller reaksjonar .....	7
1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringar .....	7
1.3.5. Tilsyn med tamreindrift .....	9
1.3.6. Oppfølgingspunkt tamrein .....	9
1.4. Informasjon .....	9
1.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	9
1.4.2. Kort om aktiviteten.....	10
1.4.3. Resultat eller reaksjonar .....	11
1.4.4. Utviklingstrekk eller utfordringar .....	11
1.4.5. Tilrådde oppfølgingspunkt .....	11
1.5. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen .....	12
1.5.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	12
1.5.2. Kort om aktiviteten.....	12
2. Registrering/overvaking .....	13
2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	13
2.2. Besøksforvaltning.....	13
2.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	13
2.2.2. Kort om aktiviteten.....	14
2.2.3. Resultat .....	14
2.3. Bevaringsmål .....	15
2.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet .....	15
2.3.2. Kort om aktiviteten.....	16
2.3.3. Resultat for slåttengene i Mørkridsdalen .....	16
2.3.4. Etablering av overvaking av lauvenga i Mørkri.....	16
2.3.5. Utviklingstrekk, utfordringar og oppfølging .....	18

2.4. Bestandsovervaking av rovvilt.....	19
2.4.1. Kort om aktiviteten.....	19
2.5. Artsobservasjonar.....	20
2.5.1. Kort om aktiviteten.....	20
2.5.2. Resultat eller reaksjonar .....	20
2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar .....	20
3. Bestillingsoppgåver.....	22
3.1.1. Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet .....	22
3.1.2. Kort om aktiviteten.....	23
3.2. Skjøtselstiltak .....	23
3.2.1.Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet .....	23
3.2.2. Kort om aktiviteten.....	23
3.2.3. Slått og haustbeite på slåttengene i Mørkridsdalen .....	23
3.2.4. Andre små skjøtelsprosjekt i Mørkridsdalen, .....	25
3.2.5. Skjøtsel i Vigdalen .....	25
3.2.6. Tilsyn i Dumdalsgrottene .....	26
3.2.7. Skjøtsel Mysubytta .....	26
3.2.8.Utviklingstrekk og utfordringer.....	27
3.2.9. Tilrådde oppfølgingspunkt .....	27
3.3. Restaureringstiltak.....	27
3.3.1. Utbetring av stiar og bruer i Mørkridsdalen .....	27
3.3.2. Kloppelegging i Mysubyttalen .....	30
3.3.3. Restaurering av kloppe i Sotråket.....	31
3.3.4. Rydding av avfall i Bordvassvegen.....	31
3.3.5 .Utviklingstrekk og utfordringer .....	32
3.3.6.Tilrådde oppfølgingspunkt .....	32
3.4. Skilting .....	32
4. Vedlegg - bestilling av SNO ressurs i 2019.....	34



# 1. Kjerneoppgåver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv)

## 1.1.1. Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet

- *"Kontroll med etterlevelsen av spesifiserte miljølovverk er kjerneaktiviteten til SNO, og skal opprettholdes i 2018. Basisen i det løpande kontrollarbeidet skal fortsatt bestå av uniformert tilstedeværelse i aktuelle naturområder kombinert med rutinemessig kontroll av etterlevelsen av regelverket. Den rutinemessige kontrollen skal skje i form av stikkprøver og systematisk oppfølging av etterretningstips. I tillegg skal det gjennomførast aksjoner der dette anses hensiktsmessig, gjerne i samarbeid med andre myndigheiter.*

I kontrollplanen er dette spesielt prioritert i 2019:


- *"Kontroll med motorferdsel i utmark. Som i foregående år er behovet for forsterket oppsyn med motorferdsel i utmark framhevet i Budsjett-Prp. 1 S. Motorferdselskontroll er et kjerneoppdrag for hele korpset, og satsingen innebærer at det skal settes av økte ressurser til dette arbeidet.*
- *Kontroll med lakse- og innlandsfiskekollen. 2019 er villaksens år. Økt fokus på villaksen vil i år gi økte ressurser til vårt kontrollarbeid og bekjempelse av illegal beskatning av villaks.*
- *Etterlevelseskontroll i verneområdene. Kontroll med etterlevelse av forskrifter og andre bestemmelser i verneområder er en viktig løpende oppgave.*
- *Kontroll med utøvelse av jakt på gaupe og villrein. Det er et mål å kontrollere flest mulig skuddplasser der gaupe er påskutt eller felt.*
- *Kontroll med utplanting av utenlandske treslag og spredning av fremmede organismer. SNO vil i samarbeid med artsseksjonen og tilsynsseksjonene i direktoratet planlegge kontroller med gitte tillatelser etter forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål.*
- *For villrein settes det særlig fokus på jaktoppsyn i områder med erfart risiko for regelbrudd."*

## 1.1.2. Kort om aktiviteten


Figurane under viser oversikt over SNO sin oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsoppgåver. Figurane viser brukt arbeidstid i timar på ulike fagområde og verneområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i løpet av 2019. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) i Breheimen og Mørkridsdalen på begge sider av grensa. Sjølv om arbeidet blir fordelt på fleire og fleire verneområde så blir det meste av arbeidstida brukt i verneområda forvalta av Breheimen nasjonalparkstyre. (sjå figur 1 og 2). I 2019 har oppattbygging etter flaumen hatt stort fokus.

SNO har blitt organisert i fagansvar og regionar. SNO-Skjåk har fått fagansvar for motorferdseloppsyn i Oppland, medan SNO-Luster hatt fått fagansvar for myrrrestauring og kulturminne i Sogn og Fjordane og arbeid med bevaringsmål i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Dermed går det også med mykje arbeidstid til dette.

2019 var villaksens år, og arbeid med lakseoppsyn vart prioritert høgt.



Figur 1. Oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsoppgåver i 2019 for SNO Luster.



Figur 2 Oppsynsaktivitet fordelt på arbeidsområder i 2019 Sno Lom og Skjåk

## 1.2. Motorferdsel

### 1.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

**Motorferdsel i utmark:** "Det er særlig forventninger til snøskuterkontroll, spesielt knyttet til kontroll med de nye kommunale løypene, samt innføringen av nytt overtredelsesgebyr. Oppsyn med barmarkskjøring skal prioriteres særskilt. I tillegg skal det gjennomføres kontroll med vannskuter i verneområder der dette er særskilt regulert i verneforskriften".

### 1.2.2. Kort om aktiviteten

Det har også i år vore fokusert mest på kontroll av snøscooter, både i og utanfor verneområder. I verneområda har det vore kontrollert sporadisk dei vi har påtreft i samband med anna oppsynsteneste. Ingen ulovligheter oppdaga av desse. Utanfor verneområda har vi gjennomført fleire aksjonar i områda Sogndal, Valdres, Midt-Gudbrandsdalen og Nord-Gudbrandsdalen.



Figur 3. Lovlighetskontroll av Motorferdsel i Breheimen. Positive møter med brukarane.

### 1.2.3. Resultat eller reaksjonar

Ingen ulovlegheiter oppdaga i verneområda i Breheimen

#### 1.2.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det verkar som den lovheimla kjøringa innafor verneområda går godt iht gjeldande regelverk. Utfordringa ligg noko meir utanfor desse, og vi har føringar på å prioritere også slik kontroll.

#### 1.2.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

Fortsetja kontroll av lovheimla motorferdsel i verneområda. Elles blir det å ta tak i tips om ulovleg kjøring, samt fokusere på barmark. Vi må følgje med på korleis forsøket med catskiing går i tilknytning til eksisterande alpinanlegg, for vår del Stryn og Vang. Ved Stryn sommarskisenter, har dei ein trase som kjem inntil Breheimen og Jostedalsbreen NP.

## 1.3. Villrein

### 1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

*"Skal følgje med på villreinjaktutøvelsen, der fokus skal vera human og sikker jakt, samt informasjon og veiledning".*

### 1.3.2. Kort om aktiviteten

I villreinjakta har vi i Sno bidrege med oppsyn ifht jaktutøvelse i samarbeid med Villreinutvalget Reinheimen og Breheimen, som har ansvaret for dette. Villreinutvalget har eit oppsynskorps på om lag 20 oppsyn som fungerer i jakta, der vi i Sno utgjer 5 av desse. Vi går oppsyn i både Reinheimen og Breheimen, alt ettersom kor det er mest behov i forhold jegermasse og flokkstørrelser. I tillegg bidreg vi med teljingar av flokkane gjennom året som blir lagt inn i sett rein basen. Villrein blir derfor ein art som vi har mykje med å gjere gjennom året, både i og utanfor jakta.

### 1.3.3. Resultat eller reaksjonar

I løpet av jakta der det er om lag 1000 jegerar på begge områda, 4 jegerar gjorde handlingar som medførte anmeldelse til politiet. Dette gjekk på manglande ettersøk, 2 dyr på eitt kort, ugyldig jaktkort og jakt i freda område. Det var 15 OPS saker, feilfellingsgebyr o.l.

### 1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringer

**724 dyr ble felt, noe som ga en fellingsprosent på 72,4.**

Område	Kvote	Ant. felte dyr	Fellings%
Reinheimen	700 dyr	509 stk	72,7
Breheimen	300 dyr	215 stk	71,7
<b>Totalt</b>	<b>1000 dyr</b>	<b>724 stk</b>	<b>72,4</b>

**Fordeling felte dyr: Kalv 245 stk (33,8%) – Ungdyr 55 stk (7,6%) – Vaksne 424 stk (58,6%)**

Figur 4. Statistikk felling villrein 2019

Søraust: 110 dyr av 171 - 64,3 %

Sørvest: 105 dyr av 129 - 81,5 %





*Figur 5 Storbukk felt i Skotåa ved Rååkampen*

Bra felling på sørvest, men noko dårlegare enn forventa på søraust. Dette tilseier at det sannsynlegvis blir like høge kvoter til neste år, då stamma ikkje er ynskt å bli større enn den er no.

Det er noko utveksling av rein mellom Reinheimen og sørvestområdet, og også mellom sørvest og søraust-området. Det er difor eit viktig oppfølgingspunkt å sjå etter om fotråte som er dokumentert i Reinheimen kjem inn i Breheimen også. Sålangt har ikkje fotråte vorte oppdaga korkje på villrein eller tamrein i Breheimen.



Figur 6. Kontroll av villreinjegerar i Breheimen. Tundradalen i bakgrunnen.

### 1.3.5. Tilsyn med tamreindrift

På oppsynsturar i områda mot Sognefjellet/ Lomseggen på etterjulsvinteren er vi av og til i kontakt med gjetarane til Lom tamreinlag. Dei kjem med flokken sin frå Visdalen før dei tek i bruk områda i Breheimen og inn mot Skjåk grense på vinterbeite. Dei kjem normalt inn i Breheimen i løpet av februar og reiser att mot kalvingsland i løpet av april. Når det lir ut mot avreisetid for dei, kjem normalt villreinbukkeflokkane over frå Lundadalen mot Bøverdalsida. Det er såleis viktig at gjetarane passar på så ikkje blanding av flokkane forekjem. Villreinutvalget og tamreinlaget har ei løpande avtale der dette er omtala. Vi i Sno følger med på, og er i jamleg dialog med tamreinlaget og villreinutvalget denne perioda på vårvinteren. Dette har stor prioritet da eit evt etterarbeid for å skilja dyra vil bli meir arbeidskrevjande og vanskeleg enn å hindra dei i å gå i saman. Dette gjeld også for villreinstamma i Vest-Jotunheimen i den tida tamreinen beitar mot vest på Sognefjellet.

### 1.3.6. Oppfølgingspunkt tamrein

- Jamleg dialog med tamreinlaget og villreinutvalget i tida dei er på vinterbeite i Breheimen.

## 1.4. Informasjon

### 1.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

Sitat frå tildelingsbrevet til SNO i 2019:

*"SNO er en integrert del av Miljødirektoratet, og står for en viktig del av direktoratets utadrettede virksomhet og fronter i mange tilfelle direktoratet ute blant publikum. Det innebærer at vi har en viktig rolle for direktoratets omdømmebygging og i formidling av naturverdier og norsk miljøpolitikk".*

#### 1.4.2. Kort om aktiviteten

Informasjon er ein del av arbeidskvardagen og viktig når det gjeld kontroll, rettleiing under tiltak, møte med folk og utveksling av kunnskap generelt.

Det er eit pågåande samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om aktuelle bachelor og masteroppgåver i verneområda.

Ein skule har kontakta SNO om å få bruke eksisterande skuleopplegg om Mørkridsdalen. SNO var med ut i felt, men det var skulen som stod for all organisering og tilrettelegging (figur 7).



Figur 7 Elevar frå Gaupne skule i Mørkridsdalen.

Vi deltok på ei villmarksmesse på Sota Sæter i desember, der vi vart spurde om å ha ein stand. Her laga vi ein villmarksquis der folk fekk svara på spørsmål om natur. Vi hadde jamt med folk innom standen vår, der over 50 stk deltok på konkurransa.



Figur 8 Sno sin stand på Villmarksmesse Sota

SNO har bistått Nasjonalparkstyret og innleigde konsulentar med kunnskap på synfaringar og i styremøte.

Anna informasjonsarbeid er knytt til besøksstrategi og vert tatt hand om av nasjonalparkforvaltarar og verneområdestyrer.

### 1.4.3. Resultat eller reaksjonar

Sno får mange tilbakemeldingar frå skular om at dei ynskjer at satsinga på naturveiledning til komande generasjonar bør prioriterast i vernearbeidet.

### 1.4.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

SNO jobbar lite med informasjon etter naturveiledninga er nedprioritert og informasjonsarbeidet er knytt til besøksstrategi. SNO sit på mykje kunnskap om verneområda og det er viktig å passe på at eksterne konsulentar og andre fagfolk kontaktar oss.

### 1.4.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

- Sikre god kommunikasjon mellom eksterne fagfolk og SNO.

## 1.5. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen

### 1.5.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

*"Etterlevelseskontroll i verneområder er et prioritert område i kontrollplan 2019. "*

### 1.5.2. Kort om aktiviteten

Alle verneområda skulle i 2019 få best mogleg oversikt på dispensasjonar som er gjeve iht bygging, restaurering og andre dispensasjonar gjeve av områdestyret.

SNO har gjennomført kontrollar på byggeløyve gitt av Nasjonalparkstyret der SNO har kontrollert om bygga er sett opp i trå med vilkåra, og om vilkåra er kontrollerbare. I 2019 vart 25 løyve vart kontrollert, 18 tiltak hadde ikkje avvik, 3 tiltak var ikkje starta opp, 2 tiltak var ikkje ferdige, eit tiltak vart retta opp etter mindre avvik, sjå tabell 1.



*Figur 9 Ny bru i Lundadalen t.v. og restaurert bru i Tundradalen.*

TABELL 1. Kontrollerte løyve i Breheimen

Verneområde	Saksnummer Miljøvedtaks- registeret	Type sak	Kontroll gjennomført dato	Resultat/Oppfølging	Merknad	Registrert i VO-logg
Mørkridsdalen	2019/11368-2	vedlikehold/utvidelse	12.06.2019	ingen avvik	Bru Dulsetesvåi	ja
Vigdalen	2019/6788-6	vedlikehold/utvidelse	27.05 og 02.09.2019	ikke påbegynt	Restaurering av sel	nei
Mørkridsdalen	2019/14035-1	vedlikehold/utvidelse	fleire synfaringar	ingen avvik	Fossen bru	nei
Mørkridsdalen	2019/13831-3	vedlikehold/utvidelse	fleire synfaringar	ingen avvik	Uklart vedtak, forvaltar følger opp	ja
Mørkridsdalen	2019/12644-14	vedlikehold/utvidelse	kontroll før oppstart	annet	Restaurering av sel. Ferdig i 2010	ja
Mørkridsdalen	2019/1039-12	vedlikehold/utvidelse	14.08.2019	ingen avvik	Muring av utrasa vei Grasøy	ja
Vigdalen	2019/6788-6	vedlikehold/utvidelse	13.09.2019	ingen avvik	Restaurering av sel	ja
Mørkridsdalen	2018/3408-2	vedlikehold vei	synfaring før oppstart	ikke påbegynt	Utsett - reparasjon Buforveg	nei
Mørkridsdalen	2018/3446-1	vedlikehold vei	16.11.2018	ingen avvik	Tiltak ved Hundkast	ja
Mørkridsdalen	2016/4491-4	vedlikehold vei	03.09.2018	ingen avvik	Utbetring av buforveg til Skåri	ja
Mørkridsdalen	2016/2470	vedlikehold/utvidelse	18.09.2018	annet	Utskifting av bru ved Knivabakkgjerdet	ja
Mørkridsdalen	2016/3339	vedlikehold/utvidelse	15.09.2016	ingen avvik	Utskifting av bruer ved Fast	ja
Mørkridsdalen	2015/3501	vedlikehold/utvidelse	15.05.2018	ingen avvik	Utbetring av sel på Berget	ja
Breheimen	2016/6045-14	nybygg	14.08.2017	anmodning om retting	Bygging av værstasjon	ja
Breheimen	2015/808	nybygg	13.08.2015	ingen avvik	Reapeter på Tusen	ja
Mørkridsdalen	2014/3439	nybygg	23.09.2014	ingen avvik	Bygging av ny Liabru	ja
Breheimen	2019/11869-4	annet	16.09.2019	ingen avvik	Droneflyging NVE	Nei
Breheimen	2019/12392-3	annet	10.08.2019	ingen avvik	Taksering rype med hund	Nei
Breheimen	2019/5430-7	vedlikehold/utvidelse	05.09.2019	ingen avvik	Flytting av bru i Lundadalen	ja
Breheimen	2019/8573-4	nybygg	05.09.2019	ikke påbegynt	Oppsetting av sanketrå	nei
Breheimen	2019/935-3	nybygg	17.10.2019	ingen avvik	Oppsetting av ny utedo	ja
Breheimen	2019/2241-2	vedlikehold/utvidelse	17.10.2019	ingen avvik	Renovering hytte Mysubyttalen	ja
Breheimen	2019/667-2	vedlikehold/utvidelse	09.10.2019	ingen avvik	Ny bru på samme plass Austre Sandåe	ja
Breheimen	2018/9057-2	vedlikehold/utvidelse	03.09.2019	ingen avvik	Flytting av bru Tundradalsetra	ja
Mørkridsdalen	2					

## 2. Registrering/overvaking

### 2.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Bestilte oppdrag fra Miljødirektoratet, Fylkesmannen eller verneområdestyrer, som er forankret og kvalitetssikret i SNO-S".

## 2.2. Besøksforvaltning

### 2.2.1.Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- "Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi samt pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres. Graden av andre oppdrag vi kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og andre prioriterte oppgaver".

### 2.2.2. Kort om aktiviteten


Nasjonalparkstyret ynskjer å overvake trafikken i Mørkridsdalen (Grasøy 11.06-17.10 og Drivandefossen 06.05 - 25.10), Dumdalen og Raudalen. SNO har sett opp ferdselsteljarar i sommar. Det har vore trøbbel med teljaren under Drivandefossen, truleg dårleg batteri, men tilbakemeldinga frå SNO-sentralt var at teljaren skulle fungere likevel. Teljaren er sendt inn til direktoratet for å få ut data.

### 2.2.3. Resultat

Resultata frå Grasøy i Mørkridsdalen er framstilt i grafikken i figur 10. I 2019 var det totalt 4955 passeringar fordelt på 2528 opp og 2427 ned. Størst trafikk søndagar, og mellom kl. 10 og 18, og mest trafikk i starten av august. Det er nedgang frå i fjor, men det skuldast kortare måleperiode og at det gjekk lang tid før det var mogeleg å ta seg inn dalen på grunn av øydelagde stiar og bruer. Den populære rundruta rundt Liabruai gjekk ikkje an å gå heile sommaren.

**Rauddalen:** Det har også i år vore problem med teljaren som står i Rauddalen. Vi har fått tal som ikkje er til å stole på. Det vil seie at vi har tal som er heilt unaturleg høge i forhold til trafikken. Dette legg seg på inndata på teljaren, og det er ei feilkilde som tydelegvis legg seg til og da er det automatikk i at det blir lagt på inndata.

Rauddalen er ein plass utan gsm dekning som teljaren sender data på, og det er også veldig arbeidskrevjande å koma seg inn dalen, da ein er avhengig av båt og vêrforhold for dette. Teljaren har stått ute frå 26.6 til 9.10. Teljinga i Rauddalen blir avslutta.



Figur 10 Statistikk over besøkende som går inn og ut Mørkridsdalen sommaren 2019.

## 2.3. Bevaringsmål

### 2.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Tilstandsutvikling for bevaringsmål følges gjennom overvåking etter oppsatt frekvens (etter mal fra direktoratet, og knyttet opp mot forvaltningsplan). Nye bevaringsmål fases inn gjennom bestillingsdialogen"



### 2.3.2. Kort om aktiviteten

Skjøtselen av slåttengene i Mørkridsdalen har blitt overvaka sidan 2012. I 2019 starta også overvaking av bevaringsmål i lauvenga i Mørkrid etter modell frå bacheloroppgåva som vart laga om tema i fjor.

Overvåkinga av bevaringsmål i slåttengene på Dulsete og Knivabakkgjerdet gjennom heile perioden frå 2012-2018 er oppsummert i eigen rapport M 1285/2019 (*Byrkjeland 2019*). *Overvaking av bevaringsmål i Mørkridsdalen, med oppsummering av arbeidet 2018-2018*.

SNO Luster vart plukka ut til å teste Nat stat og Natreg i praksis. Systemet er enno ikkje heilt klart til å takast i bruk, men forhåpentlegvis blir det klart i 2020.

### 2.3.3. Resultat for slåttengene i Mørkridsdalen

Resultata lagt fram i rapporten viser ei tydeleg forbetring av naturtilstanden på begge slåttengene i høve til vernetidspunktet. Slåttengene har blitt større. Problemartane har minka og det har blitt fleire av slåttengartane.

### 2.3.4. Etablering av overvaking av lauvenga i Mørkri

Den 21. mai var SNO i felt for å starte opp med å få etablert ein overvakingsmetode i enga. Tida på året var godt eigna til å gjere målingar då enga var oversiktleg og ikkje overgrodd. Samtidig var det uheldig at lauva og planter ikkje var fullt utvikla. Det er difor viktig å prøve å standardisere målingane etter utviklingsstadiet på vegetasjonen. Det bør kanskje også gjerast ei måling før slått for å sjå om det er eit betre eigna tidspunkt.

Overvakingsmetoden som vart etablert, var for å måle på følgjande bevaringsmål (henta frå Straume, L. og Nygjordet M.G. 2017:

1. Lauvenga skal ha eit dominerande feltsjikt, med dekningsgrad over 50%.
2. Tresjiktdekninga skal vere karakteristisk for naturtypen, 5 - 25%.
3. Lauvenga skal ha tydleg slåttemarkspreg med lite innslag av problemarten mjødurt.
4. Lauvenga skal ha tydleg slåttemarkspreg med høgt innslag av slåttearten raudknapp.

#### Overvakingsmetoden

**1. Fast fotopunkt.** Det skal etablerast eit fast fotopunkt som skal fotograferast før kvar måling for å samanlikne utviklingsstadiet i vegetasjonen (sjå figur 1). Resultatet av målingane vil variere etter utviklinga på vegetasjonen. Dato og klokkeslett (solinnstråling) skal noterast.



Figur 11 Fast fotopunkt for å følge med på utviklinga og for å stadfeste kva stadium vegetasjonen er i. Foto frå vernetidspunktet i 2010 til venstre og frå 2019 til høgre.

**2. Transekt med ni faste ruter.** Det vart sett opp eit transekt gjennom enga, sjå figur 12. Eit 20 m langt tau vart spent opp mellom to unge almetre, og eit punkt vart merka for kvar andre meter (start ved stien i sørvest). Det vart slått ned ein pinne i bakken midt i punktet, og ei rute på 0,5x0,5 m vart lagt rundt punktet. Pinnane vart slått heilt ned i bakken slik at dei kan finnast att seinare.



Figur 12. Kart over lauvenga med transekt innteikna til høgre, og avmerka punkt med pinnar kvar andre meter til venstre.

#### Måling av artar og feltsjiktdekning

Det vart tatt bilde av kvar rute rett ovanfrå (nummeret på ruta vart med på bildet), sjå tabell 5. Tal mjørdurt inni ruta vart notert (kvar heile plante inni ruta). Kvar raudknapp vart talt. Sidan det var så lite av denne arten (ingen i transektet) så noterte me også tal jonsokblom som var det nærmaste slåtteart med kom.

#### Tredeking

Tredeking var ikkje mogeleg å gjere ut frå flyfoto, der er ikkje oppløysinga god nok enno (dronefoto kan vere eit alternativ). SNO utvikla difor ein metode til å fotografere tredekninga/skuggen over kvar rute. Telefonen vart lagt 40 cm over bakken, og det vart

fotografert rett opp mot himmelen, sjå figur 4. Det vart brukt ein Samsung Xperia 09. Metoden gir ikkje rett bilde av solinnstrålinga då det er rydda skog i sør og sola står ikkje rett opp på himmelen. Lysinstrålinga er difor betre enn kva tredekninga tilseier.

#### Oppsummering:

Feltsjiktdekning: over 50% dekning av karplanter (=god)

Mjødurt: Problemart til stades i over halvparten av rutene (= dårleg)

Raudknapp: Ikkje til stades i nokon rute (= dårleg)

Jonsokblom til stades i over halvparten av rutene (= middels fordi det ikkje er ein typisk slåtteart)

Skugge/trekronedekning: 70% (=middels)

### Konklusjon om tilstanden i lauvenga

Tydeleg forbetring av naturtilstanden i høve til vernetidspunktet. Styvingstrea fått inn meir lys, og enga under trea har fått eit tydeleg engpreg.

Gjennomsnittet av målingane viser at tilstanden på artar, både uønska og ønska artar, er **dårleg**. Dette er forventa ut frå at området var attgrodd høgstaudeskog for kort tid tilbake (sjå figur 1).

Når det gjeld trekdekning er dette **middels**. Dette er også som forventa då det har vorte sett inn ryddetiltak på skog og styving/restaurering av almetrea, men trekronene på almetrea gir såpass mykje skugge no at dei snart må restaurerast på nytt.

Feltsjiktdekninga er **god**, ingen buskar eller lyng slik det var før tiltak vart sett i verk (sjå figur 1), noko som må vere ein positiv effekt av rydding og slått.

Metoden som er etablert er truleg funksjonell for å måle utviklinga i naturtilstanden på ei restaurert lauveng. Metoden vil fange opp status i attgroing og endringar i artsamansetning frå høgstaude- til slåttengartar. Metoden er lite arbeidskrevjande å gjennomføre og er ikkje avhengig av at same personen gjer målingane kvar gong.

#### 2.3.5. Utviklingstrekk, utfordringar og oppfølging


- Forvaltinga treng god statestikk på naturtilstanden og utviklinga som følge av tiltak. Så lenge NatStat og NatReg ikkje er operativt så får ein ikkje gode tal å rapportere på.
- Vidare overvaking av naturtilstanden må gjerast meir systematisk. Det er viktig å lage bevaringsmål og etablere overvakingsmetodikk samtidig som skjøtselstiltak vert sett i verk.
- Bevaringsmåla i Mørkridsdalen må følgast opp og knytast til Natstat og Natreg.
- Flytte ferdselsteljaren frå Drivandefossen til Mysubytta for å sjå på besøkstala der.

## 2.4. Bestandsovervaking av rovvilt

### 2.4.1. Kort om aktiviteten

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar ein del arbeidstid på dette, og overvakinga medfører mange besøk i store delar av verneområda. Rovviltregistreringar vert rapportert gjennom Rovbasen som har eigen innsynsløysing.

Vi har halde fram bruken av viltkamera for å forenkle registreringa av yngling (figur 13). Også i år har dette bidrege til å få dokumentert yngling, som vi elles hadde måtte vore inne på barmark for å få status på.



*Figur 13. Jerv fotografert ved hjelp av viltkamera*

I løpet av vårvinteren fekk vi dokumentert ei yngling i Breheimen i år.

Innsamling av DNA frå jervskit er også ein viktig del av registreringsarbeidet. Dette er med på å slå fast kor mange forskjellige individ vi faktisk har i områda våre. Innsamling av DNA dokumenterte 5 ulike individ som har vore innom Breheimen, eller i grensa til parken. Jervane bruker store område og vert registrert i Lom, Skjåk og Luster.

#### **Anna rovviltarbeid i 2019**

Skuddplassundersøkelser etter lisensfelling av jerv eller kvotejakt på gaupe. Sjekking av spormeldingar på bjørn, ulv og gaupe for å få riktig status på slike meldingar.

## 2.5. Artsobservasjonar

Vi dokumenterar løpende, artar som er ønska av forvaltninga å registrere. Dei skal leggst inn i artsobservasjon.no, og gjelder både fuglar og dyr, samt att villrein blir lagt inn ei base som heiter settrein.no

### 2.5.1. Kort om aktiviteten

Innlegging av artar som blir påtreft i verneområda.

I tillegg har vi hatt ute lyttetasjonar for hubro i Breheimen. Vi har også i år opptak av hubro på ein plass, noko som var gledeleg. Vi fortset med kartlegginga også i 2020.

### 2.5.2. Resultat eller reaksjonar

Elles er revir av kongeørn registrert av SNO ved å legge inn aktivitet i Artsobservasjonar og i Rovbase.

### 2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det er ei utfordring av det ikkje har kome noko App for å registrere artar direkte på telefonen medan me er ute. Difor må observasjonane leggst inn på PC og det kan bli forsinkelse før det blir lagt ut.

## 2.6. Kulturminne

### 2.6.1. Registrering av kulturminne

Vi har ein bestillingsdialog med fylkeskommunene om oppgåver knytt til kulturminne i områda våre. Blant anna registrering av nye kulturminne, og tilsyn med kjente kulturminne for å hindre øydelegging av slike. Nyleiting av fonnnfunn er også ei av bestillingane.

### 2.6.2. Registrering av ferdselsveg Høydalen - Nørdre Slampeløyfte - Storvatnet

Vi har i år gått over ein gamal ferdselsveg mellom Høydalen og Fortundalen over Slampeløyfte. Denne ruta er ei gamal rute som var brukt om sommaren ifølge størrelsen på vardane. Vi fekk registrert på gps om lag 125 vardar frå aust til vest frå Høydalsvatnet og til

Storvatnet, her fekk vi ikkje gjort meir i år, da det blir noko meir utfordrande å finne att leia pga vasskraftbygging og liknande.



*Figur 14 Varde i starten frå Høydalen*



*Figur 15 Varde på høgaste partiet over mot Storvatnet.*

### 2.6.3. Fonnfunn

I løpet av august/september har smeltinga av fonnene kome så langt at vi kan byrja å sjå spor etter villreinfangst o.l. I Tundradalen fann vi ein ny lokalitet der det har vore drivi jakt på villrein for mange år sidan. Funna som Sno gjorde på denne fonna er datert til å vera mellom 1000 og 1700 år gamle. Det vart funne restar etter skremmepinnar som var satt opp for å lede reinen mot bogeskyttarane som låg ved iskanten på jakt.



Figur 16 Skremmepinne frå 300-1000 e.kr.

### 2.6.4. Oppfølging

Det blir gjort ein innsats neste år på å fortsetja registreringa av varderekkja over til Ormeli i Fortunsdalen, samt følgje opp leiting etter fonnfunn.

## 3. Bestillingsoppgåver

### 3.1.1. Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet

" Oppfølging av tiltak i henhold til bestillingsmøtene (bestillings skjema og ESS). Tydelige tilbakemeldinger på hva vi kan prioritere av oppgaver. Igangsatte skjøtsels- og bekjempelsestiltak og tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevare skal prioriteres. Fortløpende vedlikeholdsarbeid på skilt, informasjonstavler, infrastrukturtiltak mv. som tilhører forvaltningsmyndigheten. "

### 3.1.2. Kort om aktiviteten

Breheimen nasjonalparkstyre har gjort bestilling av SNO ressursar i Breheimen og tilgrensande verneområde, sjå tabell i vedlegg. SNO har rapportert i Verneområdeloggen. I kapitla under er det vist ei kort oppsummering av tiltaka.

Etterarbeidet etter flaumen hausten 2018, har vore høgt prioritert i 2019. Her har vegar og bruer spesielt vore arbeidd med for å få i gang att infrastrukturen inn til og inn i verneområda. Dette har vore viktig for at drifta i dalane med beiting av husdyr og jakt og fiske kunne halde fram som før.

For SNO sin del har det dreia seg om å dokumentere/ferdigstilling av bruer og liknande, samt ein del arbeid med klipping i dei flaumutsette områda. Det har vore restaurering av gamle klipper, men også lagt nye slik som i Mysubyttaldalen og Mørkridsdalen.

Elles har skjøtselsarbeidet vore gjennomført som før.

## 3.2. Skjøtselstiltak

### 3.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

*Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi samt pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres mhp tilrettelegging og kvalitetssikring. SNO skal være et kompetansemiljø for skjøtsel, restaurering, tilrettelegging og fjerning av framande arter i verneområder, og må prioritere bestillingar som gir nødvendig erfaring og kompetanse. Graden av andre oppdrag vi kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og kompetanse.*

### 3.2.2. Kort om aktiviteten

I Luster har det vore jobba med å vidareføra igangsette skjøtselstiltak. Haustbeiteprosjektet i Grandali vart ikkje gjennomført fordi sauer ikkje kom over brua på Liane. Tistelfjerna på Dalen vart heller ikkje gjort på grunn av sjukdom.

I Høydalen har det vore gjort eit ryddearbeid ifht løyvet om å få gjerde inn eit beiteområde for dyr i Nørdre Høydalen. Der har det vore plukkhogst og inngjerding av arealet med stålstrømtråd.

### 3.2.3. Slått og haustbeite på slåttengene i Mørkridsdalen

SNO fjerna tistel med høymolfjernar i juli, og stilkane vart fjerna slik at ingen tistlar fekk frøe seg. Slåttenga såg veldig bra ut med lite problemvekstar i år. Området med tyrihjelms var så godt som borte, med det var lite tistel (figur 19).




Begge gjerda vart slått i siste halvdel av august. Graset låg nokre dagar og vart deretter fjerna. Det vart sendt fleire sauer på haustbeite på Knivabakkgjerdet i år, rundt 140 vaksne sauer beita frå midten av september til uti oktober. På Dulsete har 40 storfe beita etter slåttan. Begge stader har beitepresset vore høgt etter slåttan.



*Figur 17 Tistelfjerning med ny reiskap som også tar rota. All tistel blir fjerna.*



*Figur18 Høymolfjernar var effektiv å bruke.*



*Figur 19 No minskar det veldig på tistelen på Knivabakkgjerdet!*

### 3.2.4. Andre små skjøtselsprosjekt i Mørkridsdalen,

Lauvenga på Kodlhaug vart slått med ljå i juni (figur 20). På Grasøy vart slåttenga rydda for kratt og slått med ryddesag. Målsetjinga med å slå denne enga er å halde området ope med slått kvart ca 5. år. Det vart det brukt ryddesag for å få vekk lyng og treoppslag.



Figur 20. Nyslått lauveng på Kodlhaug.



Figur21 Slått på Grasøy med ryddesag.

### 3.2.5. Skjøtsel i Vigdalen

Beiteprosjektet rundt Vigdalsstølen er vidareført med eit nytt beiteområde på stølsvollen nedom DNT hytta (Sagavollen). Tal dyr i år: 30. mai - 8. september. I alt 12 vaksne kyr, samt 18 ungdyr. Store deler av tiden i skiftet på fjellstølen. 20. juni - 15. september. 3 - 4 søyer med 2 lam kvar. 20. august - 24. september. 2, i periodar 3 hestar.

Utpå seinhausten vart det sett i gong hogging av meir gran ved Li-Hans fjøsen.



Figur 22. Tre ulike beitedyr brukt på beiteprosjektet i Vigdalen. Først sau, så kyr, til sist hest.

### 3.2.6. Tilsyn i Dumdalsgrottene

I Dumdalen har vi også i år hatt oppe sperregjerder ifbm sårbar natur i starten av dalen. Rydding av søppel som vanleg i grottene og områda rundt. I enkelte grotter kjem det att ny tagging, og enkelte stader får det også vera i fred. Informasjon til folk i området om verneverdiane og viktigheita av skånsom ferdsel i grottene er tema ved informasjon.

Tilsyn med bålplassen som blir brukt jamnleg er også viktig for å halde den ryddig.

Det har ikkje vore ferdselsteljing i Dumdalen i år.

### 3.2.7. Skjøtsel Mysubytta

På Mysubytta har det vore gjort ein innsats på seterstulen, både innanfor gjerda og utanfor. Det har vore beitt med storfe på enkelte kveer, der eigar har gjort ein jobb i forhold til gjerding og å fløta dyr litt fram og attende rundt på seterstulen. Det har vore beitt med ein geitflokk på Teigakvee, slik at den er grundig behandla av geit, på slutten av sesongen beita dei meir utanfor seterstulen.



Figur 23 Geitflokken i Mysubyttalen og på Teigakvea.

### 3.2.8. Utviklingstrekk og utfordringer

Fråfall av støtteordningar til beitenæringa etter fylkessamanslåing har ført til mindre lønsemd og moglege nedlegging av sauebruk i Mørkridsdalen.

Igangsette tiltak må vidareførast, slåtten på Dulsete utvidast til heile enga att.

Utfordringar med skilting i Dumdalen.

### 3.2.9. Tilrådde oppfølgingspunkt

- Vidareføre oppstarta tiltak i Mørkridsdalen LVO
- Vidareføre oppstarta tiltak i Vigdalen LVO
- Vidareføre oppstarta tiltak i Mysubytta
- Følgje opp skjøtselsprosjekt i Høydalen

## 3.3. Restaureringstiltak

### 3.3.1. Utbetring av stiar og bruer i Mørkridsdalen

Oppattbygging etter flaumen hadde hovudprioritert i 2019. Aktiviteten har vore stor frå snøen gjekk i april til den kom att i november. Fylgjande prosjekt har vorte gjennomført i denne rekkefølga:

1. Bygge ny sti gjennom Grasøyura
2. Restaurere stien ved Vetlafosso
3. Bygge ny bru over Dulsetesvåi
4. Bygge ny bru over Nobbakloppi
5. Reparere og legge nye klopper på Dulsete
6. Bygge lengre bru ved Fossen
7. Restaurere brukaret ved Liabru

Det er Stibbyggjaren og Skjolden bygdeservice som har gjort arbeidet i samarbeid med grunneigarane.

Allereie rett etter påske var Sherpaer i gang i Grasøyuri. Her var 300 meter av buføringsvegen vaska vekk, og det måtte lagast ny veg lenger oppe i ura for at husdyr og folk skulle kome seg inn i dalen. Det var viktig å lage den nye veggen slik at den ikkje rasa ut att, og at store kyr kunne kome seg gjennom ura utan å bli skada. Sherpaer er utruleg flinke med stein, men det måtte også helikopter til for å løfte store nok steinar frå elva på plass. Resultatet vart ein solid steinveg høgt oppe i ura som kan tåla tøffare klima.



*Figur 24 Sherpa frå Nepal temmer ura, men motorkraft må til for å få fortgang i arbeidet*



*Figur 25 Kyrne har fått god og trygg veg gjennom ura, og buføringa gjekk til same tidspunkt som tidlegare år.*

Det hadde vore ønskeleg å sleppe å bruke dyrt og ureinande helikopter, men utan denne effektive arbeidsmåten hadde oppattbygginga ikkje vore gjennomførbart så raskt. Her har det biologiske mangfaldet vorte prioritert framfor godt klimarekneskap.



*Figur 26 Her ligg restane etter brua nedom Dulsetesvåi.*



*Figur 27 Ny bru ved Dulsetesvåi var på plass tidleg i juni.*



*Figur 28 Utrasa veg ved Vetlafosso er mura fint oppatt.*



*Figur 29 SNO og Skjåk almenning dreg på plass kloppene på Dulsete.*

Brua på Dulsetesvåi var heilt knust og måtte byggjast oppatt. Liabru stod og balaserte på nokre få steinar, og ny stein måtte til for å gjere den meir robust. Her vert det også laga flaumoverløp med tanke på nye flaumar. På Nobbakloppi måtte det lagast ny bru for å få sauene inn i beiteområdet, og på Fossen har elva tatt nytt løp slik at det må byggjast ny bru. Skjolden bygdeservice la siste hand på brua ved Fossen i slutten av oktober.



Figur 30 Liabru etter flaumen. Bru-karet var øydelagt.



Figur 31 Bygging av nytt bru-kar, eit samarbeid mellom Ødegård bygg og maskin og Stibbyggjaren. Foto: Rune Fuglesteg



Figur 32 Ny bru over Nobbakloppi. Sauene vart ført trygt over til beiteområdet. Foto Knut Vidar Svanheld.



Figur 33 Skjolden bygdeservice i arbeid med ny bru ved Fossen. Foto: Trygve Snøtun

### 3.3.2. Klopplugging i Mysubyttalen

Vi køyrde ut halvklovningar av malmfuru i vinter, med scooter. Desse tok vi fatt på i sommar og la ut på ein del plassar der det er myr og bekk som ein lyt passera på råket inn til Slæom. Vi nyttar furu frå Skjåk og bindhakar smidd i Lom.



Figur 34 . Nye klopper over myrer i Mysubyttaldalen

### 3.3.3. Restaurering av klopper i Sotråket

Flaumen 2018 reiste også med kloppene som vi har laga i råket opp frå Sota sæter mot Sotflya. Desse var det mogleg å berge i og med at det er så solide material, slik at det berre var å vinsje dei på plass att og forankre dei der det trongdest.



Figur 35 Kloppene har rasa ut etter flaumen




Figur 36 Klopp på plass att

### 3.3.4. Rydding av avfall i Bordvassvegen

Bordvassvegen er ein vassveg som går frå innunder Lomseggen på sørsida mot Bøverdalen, og heilt til Lom. Vassvegen går på ein plass over ei stor urd, der det har vore lagt ned store plastrøyr for å føre fram vatnet til bygd. Desse røyrene har vorte øydelagde opp gjennom



åra, av snøtrykk og sollys, og er difor ikkje til hjelp lenger her. Vi hadde difor ein ryddeaksjon der vi samla saman alle sunde røyr og lagra dei opp i storsekkar og buntar med røyr (figur 37). I tillegg har grunneigarane rydda opp rundt Bordhytta for å få frakta ned til miljøstasjonen. 28. august vart det nytta helikopter til å flyge ut alt av plastrøyrrestar frå vassvegen. Det vart 5 hiv med dette, samt at vi hadde ned eit hiv med kreosotrestar frå bygginga av Bordhytta.



Figur 37 . Rydding av plastrøyr i Bordvassvegen.

Dette vart floge ned til Vålvål der grunneigarane tok fatt på søppelet og fekk det på miljøstasjonen.

### 3.3.5 .Utviklingstrekk og utfordringer

Flaumar og ras gir stadig nye utfordringar for arbeid med stiar og bruer.

### 3.3.6.Tilrådde oppfølgingspunkt

- Følgje opp fortsatt behov etter flaumen, sjølv om det meste no er oppe og går att, og vurdere nye områder for klopplegging.

## 3.4. Skilting

Ein del løveskilt har vorte skifta ut, og det er sette opp underskilt nokre stader, sjå figur 38 og 39.



*Figur 38 Utskifta øydelagt skit ved Smole*



*Figur 39 Nytt underskilt i Mørkridsdalen.*

## 4. Vedlegg – bestilling av SNO ressurs i 2019

Verneområder						STATUS	
Tilsyn/kontroll	1	Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen naturreservat	Oppfølging av dispensasjonssaker fatta av nasjonalparkstyret og forvaltalar (inkl. utbetring og tilrettelegging av stiar etter flaumen). Gjeld oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel	Liv: 7 Øyvind: 7	Generell prioritering av kontrollverksam. Kontroll/Godkjenning av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløype/kørebok når løyvet er gjeldande.	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen	
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	1	Mysubytta	Skjøtselsplan - Tenestekjøpsavtaler		4	Bevaringsmål - Hogst, Rydding, Slått, Beiting	BEITING GIENNOMFØRT.
	2	Honnsvøve NR	Varding stig Botn-Åsen		1	Varding og noko rydding	IGANGSETT
	1	Breheimen generelt	Skifte ut gamle og slitne løveskilt. Sette opp droneskilt (underskilt på løveskilta) i innfallsportar med sårbare artar, jf. Sårbarheitskartlegging (Kistefoss).	Liv: 2 Øyvind: 1		Utskifting av løveskilt og montering av droneskilt i utvalde innfallsportar.	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	Oppfølging av tiltak i tenestekjøpsavtalar. (Slått, Dulsete, haustbeitprosjekt, tilrettelegging og utbetring av stiar)	Liv: 7		Oppfølging i felt	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	3	Mørkridsdalen LVO	Slått på Grasøy?	0,5?		Avhengig av om stien gjennom urakjem til å gå gjennom lokaliteten?	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	2	Mørkridsdalen LVO	Slått av lauveng ved Jervane		1		GIENNOMFØRT. Rapport i
	1	Mørkridsdalen LVO	Ryde på Berget		1	Jamleg tiltak mot lauvoppslag, særleg av gråor og slå grasvollen.	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Vigdalen LVO	Skjøtselsplan: Fagleg bidrag og møte		1	1 møte og innspel på framlegg frå konsulent.	GIENNOMFØRT
	2	Mørkridsdalen LVO og Vigdalen LVO	Etablere faste fotobpunkt		0,5	Knytt til beitetiltak og slått	IKKJE GIENNOMFØRT I PÅVENTE AV NYTT FAGSYSTEM
	2	Mørkridsdalen LVO og Vigdalen LVO	Registrering av tekniske installasjonar		4	Mål på bygningar og registrering av andre installasjonar. Prioritere stølsområde med høg aktivitet.	GIENNOMFØRT I AKTUELLE SAKER. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Mørkridsdalen LVO	Legging av klopper Dulsete	Øyvind: 5 Liv: 5		Legge klopper tekne av flaumen på plass, og legge nye klopper der det mangla slik at det vert heildekkande gjennom myra, jf. SNO rapport frå Liv.	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Breheimen nasjonalpark	Frakte ut søppel	Øyvind: 2		Frakte ut røyv og restar av røyv frå Bordvassvegen	GIENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
		Breheimen nasjonalpark	Oppsetting av skilt	Øyvind: 3		Sette opp hovedtavle og mindre skilt ved inngangen til grottene.	IKKJE GIENNOMFØRT PGA DET FORMELLE IKKJE ER I ORDEN

	1	Vigdalen LVO	Uttak av gran Sagavollen. Tiltak har forankring i skjøtselsplan..	Liv + 1 mann i 2 dagar.	Behov for oppfølging av arbeid i felt	GJENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	1	Breheimen nasjonalpark	Sluttkontroll av hogst av Pinus contorta		2 Hogstfelt i Tundradalen	GJENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Breheimen NP, Vigdalen LVO og Mørkridsdalen LVO	Overvaking og fjerning av framande artar, gran		2	GJENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen
	1	Rauddalen, Dumdalen, Hødnevollen, Mørkrid	Ferdselsteljarar	Liv: 2 Øyvind:4	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	GJENNOMFØRT
	2	Mørkridsdalen LVO	Overvaking, bevaringsmål slåttemark Jervane	Liv: 4	Metode i tråd med oppsett i studentoppgåve.	GJENNOMFØRT. Rapport i Verneområdeloggen og i eigen rapport

### Statens naturoppsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01

E-post: [post@naturoppsyn.no](mailto:post@naturoppsyn.no) | Nett: naturoppsyn.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområde, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.